



Walter og Ilja med søndagsfangsten. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Kommunearbeidar Walter Høss og fabrikkarbeidar Helga Gaisser frå Freudenstadt i Schwarzwald har hatt Rabben som fiskebasen sin i 16 somerferiar.

Det fortel mykje om kor fornøgde dei er med ferie-eldoradoet sitt, men dei har ikkje rekorden.. Faktisk er det turistar som no har passert 25 fiskeferiar på Rabben!



Walter og Arne renskar fisk på Rabben. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Dei skal vi la kvila førebels, men gå nærare inn på Walter og Helga, som dette året har med seg to gode vener: Arne Brüggmann og Ilja Kovacevic. Også dei bur i Freudensstadt som har 25.000 innbyggjarar og ligg midt i den svarte skogen i Sør-Tyskland. Sjølv strekar dei under at dei bur i hjarta av Europa.

Arne er med til Uskedalen for andre gongen medan Ilja, som eigentleg er frå Slavonski Brod i Kroatia, debuterer som feriegjest på desse kantane. Men heile gjengen har det til felles at dei er hekta på fiske, ein hobby dei ikkje kan utfalda seg i som dei vil i innlands-Tyskland. Dei kan rett nok få aure i både elvar og vatn rundt heimstaden, men det blir ikkje det same som det Hardangerfjorden kan lokka med.

Dei fire bur i to telt der Uskedalselva sluttar og Walter og Helga har ikkje budd i noko anna på dei 16 åra fordi det er dette som dei held for å vera den skikkelege ferien. At regndråpane trommar intenst på duken affiserar dei ikkje det minste. Regndagen affiserar heller ikkje karane som har hatt ein god fiskedag i open båt og fått bra med makrell og også kan visa fram lange, brosme og lyr. Vanlegvis får dei også flyndre. Det er brosme tyskarane held for å vera den beste matfisken.

Dei er alltid ein heil månad og fiskar i Uskedalen, dette året frå 19. juli til 16. august. Svaret på kvifor dei er så hekta på bygda vår er enkelt: - Dette er ein ideell plass for oss, Det var tilfeldig at vi kom hit. Vi drog til Noreg for å finna ein stad å fiska, og her kunne vi til og med få båt til disposisjon.

I Uskedalen har dei to alltid fått den fisken og den servicen dei har ynskt seg og har ingenting å klaga på. Dei skamrosar vertskapet som kvitterar med å skamrosa gjestene for triveleg selskap og praktiske kunnskapar om dette og hint.

Heller ikkje det to år gamle "taket" på 15 kilo fisk pr. turist har dei noko å utsetja på. Det er nok for dei sjølv om dei før då det var taklaust gjerne fekk med seg 25 kilo.

Fisketransporten heim er også problemfri: Den skjer i kjøleboks og den 200 mil lange reisa tek berre to dagar.

Av Ola Matti Mathisen



Glad og fornøgd fiskerkvartett foran husveret på Rabben: Helga, Walter, Arne og Ilja. (Foto: Ola Matti Mathisen)